


Ryfylke®

**KOMPETANSEBEHOV I ARBEIDSLIVET
RAPPORT FRÅ KOMPETANSEPILOT
RYFYLKE**

Mai 2023



Eramet Norway Sauda har lenge fokusert på kompetanseheving. I 2022 fekk selskapet ein pris for å stimulera eigne tilsette til påfyll av kompetanse – og gjerne saman med personar frå andre bedrifter. Møte som fremjar kunnskapsdeling og grunnlag for nytenking og innovasjon.

Forord

Ryfylke tar del i det nasjonale Kompetansepilotprosjektet i regi av Kommunal- og distriktsdepartementet. Målet med denne ordninga er å identifisera kompetansebehov hos arbeidslivet og leggja til rette for etter- og vidareutdanning i tråd med dei behova som er. Hovudfokuset skal vere små og mellomstore verksemdar (SMB).

Å kartleggja kompetansebehov hos arbeidslivet er eit av delprosjekta i Kompetansepilot Ryfylke, og denne rapporten er ein gjennomgang av funn og erfaringar som er gjort.

Arbeidet med dette temaet har gitt eit godt innsyn i arbeidslivet sine gjeremål og utfordringar. Arbeidet viser òg at det er naturleg å sjå kompetanse og rekruttering i samanheng. Derfor vil rapporten òg omhandla dette.

Innhaldet i rapporten er fordelt på fem kapittel, der kvart av kapitla blir avslutta med ei oppsummering.

Bilde forside: Kartleggingar viste at det var behov for høgare utdanning i Ryfylke. Tone Steine Tårland var ei av dei omlag tretti som søkte seg til Den blå åker (årseining innan havbruk). Eit studium som var utvikla i saman med Høgskulen på Vestlandet, Sterling White Halibut, Grieg Seafood Rogaland og Bremnes Seashore. Frå hausten 2023 skal studietilbodet vidareutviklast til den første desentraliserte/modulbaserte utdanninga innan havbruk på bachelornivå. Samlingsstad er Hjelmeland.

Utgjevar: Ryfylke Interkommunal selskap
Ryfylkevegen 7040
4130 Hjelemeland
Ryfylke.no
moriryfylke.no

Foto: Jan Nordtveit om ikkje bilde er kreditert

Sats: Mælvær & co

Trykk: Grafo

Innhald

Forord	3
1.0 Innleiing	6
1.1 Mandat	6
1.2 Mål for kartlegginga	7
1.3 Avgrensingar og fokusområde	8
1.4 Prosess/gjennomføring	11
1.5 Konklusjon	11
2.0 Kompetansebehov og rekruttering	12
2.1 Konklusjon	13
3.0 Studietilbod i Ryfylke	14
3.1 Ryfylkemodellen	15
3.2 Arbeidslivet sitt kompetansebehov	16
3.4 Konklusjon	21
4.0 Vidaregåande utdanningar	22
4.1 Fagbrev og studiekompetanse	22
4.2 Kurs	24
4.3 Norskopplæring	25
4.4 Konklusjon	25

5.0 Styrking av tilgang på arbeidskraft	26
5.1 Dei unge og framtida	26
5.2 Kva arbeid finst?	26
5.3 Trainee i Ryfylke?	26
5.5 Innvandring som ressurs	29
5.6 Konklusjon	29
6.0 Vedlegg	30
Utdanningsnivå i Ryfylke	30
Utdanningsandel i befolkningen	31
Utdanningsandel i næringslivet	36
Verdiskaping i næringslivet	43
Kompetansebehov i næringslivet	58
Pendlingsmønstre	60

1.0 Innleiing

1.1 Mandat

Ryfylke har tatt del i den nasjonale ordninga Kompetansepilotar. Kompetansepilot Ryfylke er eit samarbeidsprosjekt mellom dei vidaregåande skulane og kommunane, der Ryfylke IKS er prosjektansvarleg. Prosjektperioden er frå januar 2021 til utgangen av 2023. Kommunaldepartementet, som er oppdragsgjevar, har følgjande målsetting for prosjektet:

Målet med ordningen er å identifisere og mobilisere virksomheters behov for kompetansehevende tiltak, koble og tilrettelegge for et tilpasset etter- og videreutdanningstilbud i Distrikts-Norge. Målgruppen er offentlige og private virksomheter, med særlig vekt på små bedrifter i Distrikts-Norge. Ordningen skal bidra til å utvikle og prøve ut nye måter og modeller for å nå målet. Kompetansepiloter skal støtte fylkeskommunens strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk.

(Frå Kommunaldepartementet sitt tildelingsbrev til Kompetanse Noreg, 14.04.20)

Kompetanse Noreg, og seinare Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), har forvalta prosjektet på vegner av Kommunaldepartementet, og viser til at:

Kompetansepiloter skal bidra til utvikling av gode modeller og metoder for bedre samsvar mellom små virksomheters behov og tilbudet av kompetanseutviklende tiltak i Distrikts-Norge.

(<https://www.kompetansenorge.no/>)

Ordninga med kompetansepilotar blir vidare forvalta på fylkesnivå, og Rogaland fylkeskommune søkte om og fekk tilsegn på to prosjekt - i Ryfylke og Dalane.

Rogaland fylkeskommune sitt vedtak om tilsegn til prosjekt «Kompetansepilot Ryfylke» - 10.11.2020 er slik:

«Vi viser til søknad mottatt 26.06.2020. Fylkesrådmannen har vedtatt å gi inntil kr 840 000 (inkl. eventuell mva.) i støtte til prosjektet «Kompetansepilot Ryfylke» for 2020. Søknad om Kompetansepilot godkjennes i tråd med søknadens kostnads- og finansieringsplan. Det gis tilsagn om tilskudd for hele prosjektperioden med forbehold om bevilgning fra Stortinget til ordningen i 2021 og 2022.»

Basert på søknad frå Ryfylke IKS, og seinare tilsegn, inngår desse delprosjekta i Kompetansepilot Ryfylke:

- MOR-konferanse
- Kompetanse Ryfylke – der kartlegging av kompetansebehov hos arbeidslivet er sentralt
- Tverrsektorielle møteplassar SMB
- Teknologiutvikling i industriklynger
- Styrke fagkompetanse

Ryfylke si deltaking i Kompetansepilotprosjektet i regi av Kommunal- og distriktsdepartementet er forankra i Ryfylkerådet (sak 31/20). Det same er arbeidet med kartlegging av kompetansebehov (sak 05/21).

Å kartleggja kompetansebehov hos arbeidslivet er altså eitt av fem delprosjekt i Kompetansepilotprosjektet. Starten på kartleggingsarbeidet tok mellom anna utgangspunkt i eit samarbeid med Telemarksforsking for å kartleggja ein status på mellom anna næringsstruktur og utdanningsnivå i regionen. Informasjonen frå Telemarksforsking ligg ved dette dokumentet.

Vidare har to kvalitative studiar med fokus på unge i Ryfylke sine erfaring knytt til utdannings- og yrkesval vore viktig for arbeidet.

Det vidare arbeidet med kartlegginga i denne rapporten grunnar seg i tidlegare forskings- og utgreiingsarbeid, i tillegg til omlag 40 intervju med aktørar i offentlege og privat sektor i Ryfylke i 2022 og 2023.

1.2 Mål for kartlegginga


Ryfylke har ein annan næringsstruktur og andre fortrinn og utfordringar enn andre regionar - og enn fylket samla sett. Ei kartlegging av denne

typen vil få fram meir kunnskap om situasjonen i Ryfylke, på same måten som rapporten til Telemarksforsking var eit godt grunnlag for vidare arbeid. Ei faktabasert tilnærming er viktig når ein skal kopla dei spesifikke kompetansebehova saman med relevante tiltak for å heva kompetansen i regionen. Ei kartlegging som denne bør vera eit bidrag til vidare prioritering og strategi på kompetansefeltet for Ryfylke.

Denne kartlegginga er som nemnt ei av fleire deloppgåver i kompetansepilotprosjektet. Den er avgrensa og ikkje uttømmende, men bør vera ein ressurs i det kontinuerlege kompetansehevings- og rekrutteringsarbeidet, to fokusområde som langt på veg heng saman.



Antall bedrifter Ryfylke



1.3 Avgrensingar og fokusområde

Som diagrammet under viser er Ryfylke i stor grad ein SMB-marknad. 95 % av bedriftene har færre enn 100 tilsette, og det er små og mellomstore bedrifter som er hovudfokus i kompetansepilotordninga. Det er derfor SMB-marknaden har vore prioritert med fokus på kva kompetanse- og rekrutteringsbehov denne gruppa har i dag og framover.

Kva tyder kompetanseomgrepet?

OECD framhevar kompetanse som evna du har til «å mobilisera kunnskap, ferdigheiter, haldningar og verdiar i kombinasjon med ei refleksiv læringsprosess for å kunne engasjera og samhandla», altså korleis du nyttar den kunnskapen og dei ferdigheitene du har, og samspelet mellom haldningar, kunnskap og ferdigheiter.

Tidlegare kartleggingar

To kvantitative kartleggingar (Strand vgs) har òg vore viktige for arbeidet. Dei blei gjennomført i regionen i 2018 og viser mellom anna at nærare 80 prosent av bedriftene meinte at organisasjonen deira vil få behov for meir kompetanse framover.


Rekrutteringsutfordringar var eit anna område arbeidslivet og peika på. Det er vanskeleg å få tak i rett kompetanse innan mange ulike fagområde. Desse utfordringane er nasjonale, jamfør NAV si bedriftsundersøking (2023), som seier at det er svært mange bedrifter som møter rekrutteringsproblem i kvardagen sin.

Den lokale kartlegginga (2018) viste at vel 60 prosent av bedriftene hadde behov for fleire tilsette, og at dette behovet ville auka i åra som kjem (fram mot 2025). Isolert sett er ikkje dette tema for denne undersøkinga, men det er likevel eit forhold som representantane for bedriftene er svært opptekne av.

I kartlegginga frå 2018 seier òg 68 prosent av dei spurte at det er behov for å styrkja samvirket og samarbeidet mellom arbeidslivet og dei som leverer utdanningar. Fokuset her er korleis utdanningsløpa skal utviklast og gjennomførast.

65 prosent peikar vidare på at det er viktigast å stimulera tilbod innanfor fagskule- eller høgskuleutdanning for å få fram nyskaping og innovasjon.

Viljen til å utdanna seg er langt større blant kvinner enn menn. Det formelle utdanningsnivået blant menn er lågt, berre 13 prosent har høgare utdanning på fagskule-, høgskule- eller universitetsnivå. Når me ser dette i lys av at berre 8 prosent av dei som er spurt og som vil utdanna seg, er villige til å reisa for å utdanna seg ved ein campus, blir lokal tilrettelegging ekstra viktig.



Signalet om ein annleis måte å tilby og ta del i utdanningar på, fortel oss at for å løfta kompetansenivået i distrikta, er det nødvendig å tilpassa utdanningstilbodet til behova i regionen. Undersøkinga viser at heile 70 prosent av dei som vil ta høgare utdanning ser det som ein føresetnad at samlingsbaserte, desentraliserte og fleksible utdanningar må kunna kombinerast med arbeid. Denne utfordringa kan vere krevjande å få etablert i UH-sektoren, som normalt er finansiert på bakgrunn av aktiviteten på eigne campusar.

To kvalitative masteroppgåver (2021 og 2022), med tema utdanning og yrkesval, set fokus på større samhandling i grenseflatene mellom aktørane som arbeider med rådgjeving i møte med folk og arbeidsliv i Ryfylke. Ryfylke IKS har tatt dette på alvor ved å etablere eige nettverk for rådgjevarar i skulen og NAV som arbeider i desse grenseflatene. Nettverket tar òg sikte på å stimulera til større kunnskap om regionen sitt arbeidsliv og kompetansebehov.

Kartleggingane viser at kunnskapen om lokalt arbeidsliv er låg hjå dei unge, men og hjå dei som skal rettleia dei unge i møte med utdanning og yrkesval. Kunnskap om nabokommunane sitt arbeidsliv var omtrent ikkje-eksisterande.

Undersøkinga her viser at fem av ti unge, som var ute og utdanna seg og sidan kom tilbake til heimstaden, hadde gjort feilval. Dei uttrykte overrasking over kor stort mangfald det var i arbeidslivet. Kunnskap om arbeidslivet i eigen kommune var som nemnt i utgangspunktet liten, og først når dei kom heim oppdaga dei mangfaldet arbeidslivet i regionen hadde.

Den same budskapet kjem ungdomsutvalet med i si innstilling (2023). Ingen i dette utvalet var klar over kva næringer som var dei sentrale i Ryfylke, og dei opplever at regionen i liten grad adresserer dette for dei som er unge.

Ser me på planverket til fylket og kommunane, har ikkje livslang læring vore eit sentralt tema, og i den grad det er omtalt, er det lite konkretisert. Regionale ulikskapar og utfordringar - og strategiar for korleis dei kan møtast er i liten grad nedfelt i kommunale og fylkeskommunale planverk. Evidenstilnærminga er lett å sjå, men det er ikkje slik at det som passar i sentrale strok kan løysast på same måten i distriktsonråde på sentralitetsnivå 5 og 6.

Me ser no at det blir eit sterkare fokus på kompetanse og rekruttering i revisjon av kommuneplanar og utarbeiding av fylkeskommunal kompetanseplan. Etablering av fylkeskommunale og regionale kompetanseforum er ei viktig satsing for å styrkja trepartsamarbeidet om gode løysingar på desse områda. Haugalandet har allereie etablert eit kompetanseforum og Dalane er i sluttfasen av etablering av eit liknande forum.

1.4 Prosess/gjennomføring

Kompetansepilotprosjektet har, som tidlegare nemnt, eit spesielt fokus på små og mellomstore bedrifter, og det er slike som først og fremst har vore sentrale i kartlegginga her. Den er gjort med tidlegare kartleggingar og forskingsarbeid som grunnlag, og baserer seg på intervju/samtalar med representantar frå omlag 40 bedrifter i Ryfylke. Bedriftene er frå Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand, Sandnes (Forsand-delen) og Stavanger (øyar).

I tillegg har det vore samtalar med kommunane og NAV om den same tematikken.

Møta har vore enten fysiske eller digitale.



Ryfylkerådet sette ned eit ungdomsutvalet i 2022. Anne Bratthammer og Arin Eirkisønn saman med fem andre har gitt viktige innspel til kompetanseheving og rekruttering i Ryfylke. Her under MOR-konferansen i 2022

1.5 Konklusjon

Kartlegginga gir oss innsyn i og grunnlag for kor viktig det er å ha dei personlege møta med arbeidslivet i tillegg til faktainnhenting og anna forskingsarbeid. Det gir nyttig innsikt å få koma tett på kvardagen til bedriftene og drøfta konkrete tiltak det er råd å få på plass for denne bedrifta - og gjerne i samarbeid med andre.

Ryfylke har utfordringar på mange område. Ei utfordring er særskilt viktig: Å trekkja unge til seg - når me veit at det er 25 prosent fleire i alderen 60-70 år samanlikna med aldersgruppa 20-30 år. Regionen har store utfordringar med å få på plass arbeidskraft og kompetanse skal oppgåvene me løyser i dag òg løysast framover.

Etablering av eit regionalt kompetanseforum for Ryfylke blir eit viktig fokus for samarbeidet mellom tilsette, arbeidslivet og utdanningssektoren, skal me løysa dei kompetanse- og rekrutteringsutfordringane Ryfylke har.

2.0 Kompetansebehov og rekruttering

Kartlegginga gir oss innsikt i arbeidslivet sine gjeremål og utfordringar, og den fortel oss at det er heilt naturleg å sjå kompetanse og rekruttering i samanheng, slik ein av respondentane såg det:

«Det er eit stort problem å rekruttera rett og god kompetanse»

(Ryfylkebedrift)

Bedriftene som har vore ein del av kartlegginga varierer naturleg nok mykje; i størrelse og bransje, kva type kompetanse som trengst og kva nivå kompetansen skal vere på. Kompetansepiloten har altså hatt små og mellomstore bedrifter som fokusområde. Det er i all hovudsak slike som har vore prioritert - og ikkje dei store hjørnesteinsbedriftene.

Me ser at svært mange av bedriftene koplar kompetanseheving til rekruttering. Ein stram arbeidsmarknad gjer det vanskeleg å rekruttera. Mange stillingar står ledige, då det ikkje er søkjarar med rett kompetanse. Derfor er kompetanseheving av dei som alt er tilsett i bedrifta viktig.

Arbeidslivet opplever ein tendens til intern kannibalisme, ved at dei i liten grad får tilført nye tilsette utanfrå regionen. Signala er like om det er offentleg eller privat sektor.

«Det er vanskeleg å rekruttera folk med rett/ønska kompetanse. Me har tilsett folk som ikkje er kvalifiserte, med sikte på å vidareutdanne dei»

(Ryfylkebedrift)

Hjå dei bedriftene kartlegginga gjeld, ser me òg at kompetanseheving er tett knytt til eigen organisasjon. Arbeidsområda kan vera smale, noko som gjer intern opplæring naturleg, til dømes knytt til handtering av bestemte maskinar. Fleire av bedriftene er opptatt av at dei tilsette formaliserer kompetansen sin og forsøker å motivera dei til etter-/vidareutdanning. Andre held fram at det viktigaste er at dei tilsette kan jobben dei skal utføra, uavhengig av om dei har formell utdanning.

Vidare blir det frå fleire bedriftseigarar peika på kor viktig det er å få tilsett folk med høg kompetanse for å vidareutvikle organisasjonen. Dei er ikkje berre opptekne av å få «hjula til å gå rundt», men at dei tilsette skal bidra produktutvikling, evna til å sjå nye produkt og måtar produksjonen kan bli betre på.

Bodskapen som kjem fram er altså ikkje einsarta, men felles er at alle bedriftene/organisasjonane er opptatt av og har bruk for meir kompetanse - og korleis dei kan få rett kompetans gjennom rekruttering og intern kompetanseutvikling. Måten desse utfordringane blir handtert på er avgjerande for ei positiv utvikling for bedriftene og regionen.

Gjennom Ryfylkemodellen (som er omtalt breiare under kap 3.1), blir studia utvikla gjennom partnerskap mellom UH-/fagskulesektoren, bedriftene og ein lokal tilretteleggjar. Eit slikt samvirke er viktig for å få yrkesretting og relevante utdanningstiltak. Faginnhald blir sikra og bedriftsleiinga bli ein viktig ambassadør for behovet for å styrkja den formelle kompetansen i eiga bedrift og i næringslivet elles.



Foto: Reidun Sandvik

Studentane som starta ved den distriktssvenlege sjukepleiarutdanninga i Ryfylke. Første studiedag august 2022.

Erfaringane frå arbeidet med kompetansepiloten viser kor viktig det er å gjera eit godt forarbeid når ein studie skal skreddarsyast. Mange potensielle studentar treng tid til å bli klar til å søkja og starta på eit studium. Der me har gått for fort fram, har studentane ikkje fått den tid dei ofte treng og tilbod har blitt avlyst/utsett.

Kommunane er store aktørar og har tilsvarande store behov for meir kompetanse. Når desse står saman og adresserer sine behov kan det òg etablerast utdanning innan smale fagområde i Ryfylke. Me kjenner til døme på at enkeltkommunar har forsøkt gjennom fleire år å få i gang eit utdanningstilbod på eit område utan å få nok studentar til at leverandør kan setja dette i gang.

«Ei meir generell utfordring kommunen ser innan kompetansopåfyll er at det er få innan kvart fagfelt, vanskeleg å laga utdanningstilbod som er aktuelle for mange»

(Ryfylkekommune)

Ryfylke IKS har inngått samarbeidsavtalar med:

- Fagskolen Rogaland
- Fagskolen AOF
- Universitetet i Stavangero
- Høgskulen på Vestlandet

Målet er at om desse får ein førespurnad frå kommune eller næringsliv, skal Ryfylke IKS orienterast slik me ikkje opplever at fleire forsøker å utvikla utdanningstilbod som handlar om det same - noko som lett fører til at me mislykkast med å få dei gang.

2.1 Konklusjon

Godt forarbeid, god kartlegging og gode partnerskap og prosessar er derfor viktige - og har ført til at tilbod har hatt opptil tre gonger så mange søkjarar som det var plass til. Så gode tal er ikkje regelen, men for dei fleste studia har det vore fulle klassar når studiet tek til. Det er avgjerande at ein står saman og tenkjer regionalt dersom I ein skal få til viktige tilbod med mange nok deltakarar.

Gjennom måten å arbeida på får me òg innsikt i arbeidslivet sine behov - på andre område enn det studiet som det handlar om i ein gitt situasjon. Dette gjer oss betre i stand til å samhandla med kommunar og næringsliv, og me ser at bedrifter kjem tilbake til oss i mykje større grad enn det som var tilfelle i starten.

3.0 Studietilbod i Ryfylke

Studia som no er i gang eller under planlegging er dei første der undervisninga i all hovudsak finn stad i Ryfylke. Dei er basert på lokale behov samskapt gjennom partnerskap og med økonomiske bidrag frå regionale og sentrale styresmakter. Meir enn 35 millionar kroner er realisert til desentraliserte og modulbaserte studium lagt til Ryfylke.

Dei studia som gjennom kompetansepiloten er etablert og starta opp er følgjande – det står i parentes kor mange plassar det var ved oppstart. Eitt studium er fullført.

- Havbruk (60 stp – 30 studentar)
- Kommunikasjon og marknadsføring (60 stp - 25 studentar)
- Sjukepleie (180 stp - 30 studentar)
- Fagskule psykisk helsearbeid (60 stp - 22 studentar)



Foto: Einar Schibevaag

På Statsforvaltaren og KS sin innovasjonskonferanse på Sola i 2022 var UIS og Ryfylke IKS invitert for å presentera den desentraliserte sjukepleiarutdanninga. På bildet ser me Reidun Sandvik i Ryfylke IKS saman med Ingunn I. Strøm og Katharina Hurme som starta på utdanninga hausten 2022.

Til hausten blir det oppstart av følgjande studium gitt nok søkjarar:

- Bachelor havbruk (180 stp)
- Fagskule IT, robotisering og digitalisering (30 stp)
- Fagskule sansestimulering/velferdsteknologi (60 stp)
- Fagskule i HMS (60 stp - her har alt rundt 20 studentar søkt)



Foto: AOF Fagskolen

Eit fagskuletilbod innan sansestimulering tar mål av seg å styrkje sanseintrykk ulike pasientgrupper. Det kan gi stimuli og positiv effekt ved hjelp av t.d. bruk av bilde og film frå pasienten sitt eige liv. Utviklinga av studiet skjer i samarbeid med Fagskolen AOF og er planlagt å starte opp hausten-23.

I tillegg blir det saman med Fagskulen i Rogaland utvikla fagskuleutdanningar innan:

- Landbruk med fokus på mindre bruk og tilleggsnæringar
- RAS (Resirkulerande akvakultursystem)


Desse får oppstart hausten 2024 og er på 60 studiepoeng kvar.

Ei utdanning innan prosessteknikk har vore sterkt ønskeleg å få på plass, men det har førebels ikkje lykkast. Utfordringa er at Fagskulen i Rogaland ikkje har tilbud på området i dag, men er i prosess for å få formell godkjenning. Me samarbeider med Dalane Utdanningssenter, som har tatt eit prosjektansvar for å utvikla dette tilbudet saman med utvalde bedrifter i Dalane og Ryfylke.

Me har òg arbeidd med å få til utdanningar i lag med Hardanger og Fagskulen på Vestlandet, utan å ha landa noko konkret her.

3.1 Ryfylkemodellen

Det var Høgskulen på Vestlandet som starta å omtale måten Ryfylke arbeider med kompetanse og rekruttering på som Ryfylkemodellen. Høgskulen har forsøkt å etablere tilbud i distrikta tidlegare, men har så langt ikkje fått tilfredsstillande respons frå studentar, slik me erfarer i Ryfylke i dag. Derfor har det vanlege til no vore at Ryfylkingar måtte reisa til UH-sektoren sine campusar skulle dei ta ei utdanning.




Kartleggingar og gode partnerskap med brukarane av studietilbod er viktig for skreddarsaum av utdanningstilbod. Høgskulen på Vestlandet, som er ein av dei fire partnerane til Ryfylke IKS innan høgare utdanning, omtalar måten regionen arbeider på som Ryfylkemodellen. Dei andre samarbeidspartnarane er UIS, Fagskolen Rogaland og Fagskolen AOF.

Erfaringane gjennom arbeidet med Ryfylkemodellen er gode og me har vore heldige og fått til eit engasjement. Dei viktigaste faktorane her har vore tid og samarbeid.

Studentane bruker lang tid på å koma i studiemodus og fleire treng òg tid til å kvalifisera seg for vidare utdanning. Arbeidslivet har travle dagar og treng òg tid til å setja kompetansearbeidet på dagsorden lokalt. Det er viktig at kommunar og lokale verksemdar blir ambassadørar for tilsette i organisasjonen ved lokal tilrettelegging – slik at det blir mogleg for Kari og Ola å kombinera studium med arbeid og familieliv. På same tid må regionen stå saman slik at me fangar opp og har oversikt over dei studentane som kan vera interesserte.

3.2 Arbeidslivet sitt kompetansebehov

Det er hausta mykje kunnskap og erfaring gjennom arbeidet med kompetansepiloten som det er verd å byggja vidare på. Ein viktig effekt og meirverdi av gjennomføringa av studia som har gått, er den kunnskapsdelinga og erfaringsutvekslinga som skjer på tvers og mellom studentane og deira organisasjonar. Dette er noko som har vore poengtert av både studentane og dei som representerer samarbeidsbedriftene i dei ulike prosjekta. Også fleire av dei som har tatt del i denne kartlegginga trekkjer fram denne effekten som viktig.



Ryfylkemodellen byggjer på at det ikkje skal vere ein fast utdanningsstad for fleksible studietilbod i regionen. Lokaliseringa av tilboda kjem fram gjennom samarbeidsprosessar der behova til arbeidslivet, potensielle studentar og UH-sektoren er avgjerande.

Studentane deler til dømes ulike måtar å utføre arbeidsoppgåver på, kunnskap om teknologi og måtar å tenkja på. Dei får òg meir kunnskap om kva som rører seg i det regionale arbeidslivet – både innan eiga næring og på andre område. Dette bidreg til nettverksbygging, ein effekt me trur vil vara ved òg etter at studia er slutt.

Me ser òg at nokre studentar kjem frå andre regionar og har med seg erfaringar som Ryfylkestudenten kan ha nytte av, på same tid som dei tilreisande får innsyn i det Ryfylke har å by på. Deira erfaringar gjer dei til gode ambassadørar for Ryfylke, som igjen kan vera positivt for Ryfylke som reisemål og arbeidsstad. Dette siste baserer seg på konkrete tilbakemeldingar frå studentar frå ein «naboregion».

Rekruttering er utfordrande for arbeidslivet innan mange fagområde. Fleire peikar på at dei er bekymra for at dei unge ikkje har god nok kjennskap til arbeidslivet og moglegheitene i regionen vår. Eit døme innan anleggsarbeid: Arbeidskvardagen er blitt veldig skjerma for folk flest på grunn av mellom anna sikringsomsyn. På same tid skjer det ei stor utvikling i teknologi og utstyr i sektoren.

«Det er ikkje lenger eit tungt og skittent arbeid slik det var før. Det er ei spennande næring som fleire unge bør få kunnskap om»

(Ryfylkebedrift)

Også spørsmål rundt nytta av utdanningsmesser blir løfta fram av mange bedrifter. Her blir dei unge eksponert for moglege utdanningar uavhengig av kva for utdanningar arbeidslivet treng i regionen. Fleire peikar på at dei tidlegare var med på slike, men på grunn av utviklinga, der fokus i større grad er på utdanning enn arbeidslivet sitt behov, har dei trekt seg tilbake.

«Utdanningsmessene fokuserer ikkje på kompetansen næringslivet treng. Dei fokuserer i første rekkje på kva utdanningar høgskular og universitet kan tilby. Å gje nye generasjonar innsikt i arbeidslivet sine moglegheiter er viktig. Mange unge kjenner i dag ikkje til kva arbeidslivet kan by på av spennande arbeidsplassar»

(Ryfylkebedrift)

Spørsmålet blir korleis regionen skal formidla arbeidslivet, kor variert og spennande det er når nye generasjonar skal gjera eit utdannings- og

yrkesval. Ei utfordring ungdomsutvalet (2023) òg er opptatt av, der dei fortel at kunnskapen om viktige næringar for regionen er fråverande - noko som stadfestar funna i masteroppgåvene frå 21/22 som er omtalt over. Dei kjenner rett ut ikkje til lokalt/regionalt arbeidsliv.

I det vidare kjem ein gjennomgang av dei spesifikke behova for kompetanse som næringslivet gjennom kartleggingssamtalane har meldt frå om. Fakta og forskning har vore grunnlaget for kartlegginga, men samtalane med arbeidslivet har gjort det råd å utdjupe og prioritera dei studiea me bør arbeida for å få til regionalt.

Det er forsøksvis sortert på administrativ kompetanse og fagkompetanse.

3.3.1 Administrativ kompetanse

Felles for dei behova som er melde inn er at dei må leggjast opp slik at studenten kan ta både enkeltmodular eller ei heil utdanning, altså at ein kan velja dei fag/enkeltemne som passar - eller ta ei årseining eller ein grad.

Logistikk

Dette var det fagområdet som var aller mest etterspurt. Behovet kjem både frå større bedrifter og frå dei heilt små og går på tvers av næringar, men bedriftene hadde ulik tilnærming til fagområdet. Mange bedrifter peikar på faget som avgjerande for om økonomien i selskapet er sunn eller ikkje.

For somme var det aktuelt å knyta det til planlegging av rutetilbod, til transport/frakt til rett tid. For andre handla det om innkjøp – at bedrifta hadde på lager alle komponentane for å ferdigstilla

eit produkt. Eit fagskuletilbod innan dette fagområdet er viktig å få på plass.

Økonomi

Det er ei utfordring for fleire organisasjonar å rekruttera tilsette som har breidde i økonomifaget. Smale utdanningar/spesifikke økonomifag blir òg trekt fram som viktige. Det gjeld til dømes fag som trengst for å kunna gje autorisasjon til rekneskapsførarar, men òg fag som går på investering og finansrekneskap.

Bedriftsleiarar treng òg betre kunnskap i å forstå budsjett og rekneskap opp mot drift av eige selskap. Det siste her bør sjåast i samanheng med punkt knytt til leiing.

Leiing, prosjektleiing, endringsleiing:

Dette er eit område der fleire meinte dei hadde behov for meir kompetanse. Det gjeld både eit større emne på leiing generelt, men òg mindre modular som er retta mot spesifikke behov med nytteeffekt for bedrifta som til dømes kompetanse på:

- generell prosjektleiing
- regelverk om kontraktar og anbod
- anbodsarbeid - setja ut og svara på anbod
- fortolling av utanlandssendingar
- bærekraft sin rolle i arbeidslivet
- Analyse, samhandling, kommunal drift og administrasjon

Kommunane må kunne vere omstillingsdyktige i tida framover. Det blir fleire eldre og mangelen på helsepersonell er aukande. Korleis skal ein møte utfordringa, kva endringar vil tvinga seg fram og korleis kan ein oppretthalda eit godt tenestetilbod?

IT

Mange bedrifter treng høgare IT-/digital kompetanse hos dei tilsette, både for å utføra det daglege arbeidet dei står i no, men òg for å kunna ta i bruk ny teknologi og følgja utviklinga vidare. Mange bedrifter er små og det å etablera gode nettverk blant dei som tar ei slik utdanning er viktig for utvikling og kunnskapsdeling, og etter at utdanninga er fullført.

3.3.2 Fagkompetanse

Høgare yrkesfagleg kompetanse blir viktig i åra som kjem, både yrkesretta utdanningar som baserer seg på fagbrev og lang fartstid innan eit fagområde.

Naturbruk

I samarbeid med Fagskolen Rogaland og Ryfylke IKS får regionen to fagskuleutdanningar knytt til naturbruk som alt er under planlegging. Dette er sterkt ønske, modulbaserte og fleksible utdanningar på 60 studiepoeng som studenten kan ta ved sida av arbeid, innan desse emna:

- Landbruk
- RAS (Resirkulerande akvakultursystem)

Oppspelet til dette initiativet kom gjennom samarbeid og på oppfordring frå Norsk landbruksrådgiving, Rogaland og Vinterlandbruksskolen i Ryfylke. Det er behov for kompetanseheving både innan tradisjonelt landbruk, men òg for dei i næringa som arbeider med nisjar som til dømes sal og marknadsføring av eigne ferdige produkt, vertskap mm.

RAS-tilbodet er kome opp som eit resultat av dei store prosjekta innan landbasert oppdrett som er i gang eller under planlegging, og som treng kompetanse på området.



I samarbeid med Fagskolen Rogaland skreddarsyr Ryfylke IKS eit fagskuletilbod for landbruket tilpasse næringa sine behov for fagskuleutdanning. Oppstart er planlagt hausten 2024.

Det er etablert partnerskap for utdanningane mellom:

- Strand vgs
- Mowi
- Tytlandsvik Aqua
- Årdal Aqua
- Fister Smolt
- Vinterlandbruksskolen i Ryfylke
- Norsk landbruksrådgiving Rogaland
- Høgskulen på Vestlandet

Det er planlagt å tilsetja prosjektleiar som kan arbeida fram ein fagplan saman med næringane.

Reiseliv

Aktørar i reiselivsnæringa ser behov for kompetanseheving blant dei tilsette. Det er viktig at vidareutdanningstilbod er modulbaserte og fleksible. Mindre modulbaserte emne er lettare å tilpassa til tilbod som er relevante for verksemda. Det er òg ønskeleg med fleksibilitet slik at studia

kan leggjast opp utanom den travlaste tida/høgsesongen.

Eksempel på emne/forhold som er viktige:

- Vertskapsrolla i ei ny tid
- Historieforteljing
- Servicerolla
- Samskaping/samproduksjon
- Kunnskapsdeling med andre regionar

Det er aktuelt å sjå på modular som kan knytast opp til fagskuleutdanninga som det no blir lagt planar for innan landbruk.

Industrifag/ingeniørfag

Her er ønska mange og svært varierte. Det trengst ei større kartlegging til for identifisera kva for fagområde som det går å få til lokalt.

Det kan til dømes gjerast ved å køyra fag som er felles lokalt for eit ingeniørstudium og seinare spesialisering på campus og/eller nett.

Grønt skifte, bærekraft, IT, energi, vatn/avløp, bygning og brann er døme på fag det er aktuelt å sjå vidare på.

Det kan i tillegg trekkjast fram:

- tekniske utdanningar på fagskulenivå – som er generiske og ikkje for smale
- ingeniørfag, teikning og berekning
- Ingeniør, grøn energi

Helse:

- Sjukepleiarar – etter same mal som går no - UIS
- Helsefagarbeidarar
- Fagskuletilbod innan helserelaterte emne

Undervisning/barnehagelærer

Det er størst behov for lærarar på 1.-7. trinn. Ønske: forsøk/pilot og desentralisert løysing. Utdanningsforbundet er interessert i å vera part i eit evt. forsøk. Eit forslag er ein 3+2-modell, der ein etter tre års studium startar i jobb og tar dei siste to åra på deltid.

Det same gjeld barnhagelærerutdanning. Her er det òg nødvendig å arbeida for å få til eit tilbod. Det mest naturlege er å kalla saman til eit regionalt møte med ansvarlege og drøfta ulike tilnæringsmåtar å gjennomføre utdanninga på.

Barnevernspedag og sosionom

Den same tilnærminga som punktet over.



Rådgjevar i Ryfylke IKS, Agnes Nese, følger studentane ved den distriktsvenlege sjukepleiarutdanninga i Ryfylke.

3.4 Konklusjon

Ryfylkemodellen har vist seg å vera god i forhold til å dekkja dei kompetansebehova regionen har. Me når breitt ut og sikrar god deltaking på dei tilboda som er etablert. Rolla Kompetansepiloten spelar på regionalt nivå som motivator, meklar og møteplass for dei som søker meir kompetanse, anten det er arbeidsgjevar, NAV eller Ryfylkingen sjølv, må styrkjast vidare.

Arbeidslivet sine klare signal på at kompetanseheving heng saman med rekruttering viser at det er viktig å samordna og styrkja dette arbeidet i åra som kjem.

Me må bli flinkare til å eksponera våre unge meir for dei mange spennande og utfordrande næringane

og arbeidsplassane som finst i Ryfylke. Dei må bli kjende med arbeidslivet i nærområdet, men òg i kommunane rundt seg.

Når det gjeld utdanningar vil me på kort sikt prioritera å arbeida for å realisera følgjande studium:

- Studium innan logistikk
- Studium innan økonomi og leining
- Fagskuleutdanning innan reiseliv
- Fagskuleutdanning innan prosestetnikk
- Lærerutdanning 0 – 7
- Ingeniørfag

4.0 Vidaregåande utdanningar

4.1 Fagbrev og studiekompetanse

Sauda og Strand vidaregåande skular har fått kvar sine vaksenopplæringscenter. Etter mange års arbeid har fylket blitt med på å desentralisera denne oppgåva slik at fleire frå regionen vår kan få ta utdanningar utan å måtte reisa til Stavanger. Dette arbeidet starta som forsøk, mens det no er bestemt å vidareføra oppgåva som ei permanent ordning.

I 2019 gjorde Strand vidaregåande skole ei kartlegging av dei om lag tretti elevane som fullførte helsefagarbeidarutdanninga, og 75 prosent svarte at det var ei føresetnad for skulegangen deira at undervisinga skjedde i Ryfylke. Det var ikkje den fysiske reisa frå Tau som hindra, men meir den psykiske avstanden.

Ryfylke er som nemnt tidlegare ein region med låg formell utdanningsgrad, men med stor uformell kompetanse. Kravet til arbeidslivet er fagbrev og derfor er det svært viktig at vaksenopplæringsentra får utvikla seg og bidra til at langt fleire får fagbrev innan området dei arbeider på.

Det kjem òg fram gjennom kartlegginga at behovet for fagarbeidarar vil veksa med dei mange prosjekta som er under planlegging og utvikling i Ryfylke. Fag innanfor ulike område som maskin, bygg og betong, akva og elektro/IT og digitalisering blir trekt fram.

Kartlegginga her viser eit enormt behov som vil stilla store krav til fylkeskommunen i lag med dei to vidaregåande skulane å følgja opp. Innan ti år kan svært mange nye arbeidsplassar vera realiserte, og det er viktig at det blir lagt til rette slik at dei



kan få utdanning og ein stad å bu slik at så mange som råd vel å busetja seg i regionen framfor å vera gjestearbeidarar.

Erfaringa tilseier at det må vera enkelt å bli elev og at tilbodet må tilpassast den kvardagen eleven har. Elevplassane bør rettast inn mot behova til bedriftene. Føringer i den nye opplæringslova som kjem vil gjera det enklare for folk å rekvalifisera seg og ta nye fagbrev og generell studiekompetanse.

Både vfagbrev og kurs som kan bidra til å løyse dei utfordringar arbeidslivet vil etterspørja, er sentrale. Her er tilbod som blir etterspurt:

- maskinoperatør
- maskinførar
- betongarbeidar
- elektroteknikar
- fagarbeidar industriell matproduksjon
- tømrar
- automatikar - digitalisering, robotisering
- mekanikar
- sveisar
- industriteknikarar
- røyrleggjarar
- platearbeidarar
- sjåfør - transportfag



Strand vidaregåande skole

På grunn av ein god arbeidsmarknad er det mange som har stor uformell kompetanse, men som manglar formell utdanning. Det har vore relativt lett å få jobb utan utdanning. I bedrifter som er kartlagt er det opp mot 50 prosent som er ufaglært, det gir skulane våre eit viktig oppdrag å møte.

Frå kartlegginga gjort i 2018 der 65 prosent av bedriftene peikar på fagskule eller høgskuleutdanningar som viktigast å satsa på, er formalisering av kompetanse blant alle dei ufaglærte viktig, om Ryfylkingen skal løfta kompetansenivået.

Haldningane i bedriftene om det er ei utfordring eller ikkje at mange står utan fagbrev, er som tidlegare nemnt varierende. Det er dei som meiner fagbrev for sine tilsette er viktig å få på plass, og andre meiner at når dei tilsette gjer ein god jobb for bedrifta er det det viktigaste. Dei fleste er likevel opne for å leggja til rette slik dei tilsette som ønskjer det får formalisert sin kompetanse. I tider med konjunkturedringar og nedgang er det arbeidstakarane utan formell kompetanse som vil stå svakast, og det er eit samfunnsansvar å bidra til at langt fleire får formalisert sin kompetanse, noko som òg er understreka frå sentrale styresmakter.

Eit sterkt samspel mellom bedrifter og den vidaregåande skulen må til - noko som no er råd å få til med vaksenopplæringssentra i Sauda og på Tau. Ei styrking av desse slik at fleire får tilrettelagte tilbod som for eksempel «fagbrev på jobb» må vera eit siktemål.

Ofte må dette òg kombinerast med å betra norskkunnskapen. Mange har ikkje norskkunnskapar som tilfredsstillar ei slik ordning, og generelt ser me at arbeidslivet også er bekymra for at for mange har fått fagbrev utan å meistra norsk godt nok til å vera i ulike stillingar. Her blir spesielt pleie- og omsorg trekt fram, men òg innan industrien er det nødvendig at den tilsette må kunna gjera seg forstått og skjona meldingar i arbeidssituasjonar.

For mange studium på høgare nivå kan ein koma inn ved hjelp av lang erfaring frå yrkeslivet (realkompetanse). Det er viktig at dei med slik realkompetanse får kunnskap om dette tilbodet, og at dei ser verdien av god norskkunnskap i møte med fagskule, høgskule og universitet. Her kan òg forkunnskap i matematikk vera nyttig der det er ein del av fagkrinsen.

For nokre utdanningar blir det stilt krav om studiespesialiserande fag som matematikk og norsk, til dømes i sjukepleiar- og ingeniørutdanning. Derfor er det viktig å tilby kurs som bidrar til at fleire utan tradisjonell studiekompetanse kan bli kvalifisert til å studera i regionen vår.

Realkompetanse

Skal du ta ei høgare utdanning må du normalt ha studiekompetanse. Men det er unntak der realkompetansen din kan bli vurdert. Har du ikkje studiekompetanse men fagbrev, kan du få vurdert erfaringa du har frå lønna og ulønna arbeid. Slik yrkespraksis (realkompetanse) kan vega opp for kravet om generell studiekompetanse og må dokumenterast av arbeidsgjevar.

Du må ha minst fem år med skule og/ eller yrkespraksis til saman, og av dette må minimum tre av åra vere relevant for den retninga du søker.

Realkompetanse er eit unntak frå kravet om generell studiekompetanse (GSK) for søkarar som fyller minst 25 år i søknadsåret.

4.2 Kurs

I fleire år har Sauda og Strand vidaregåande skular samarbeidd med sikte på å tilby kurs for arbeidslivet, slik at deltakarane kan ta kurset på eller nær arbeidsstaden. Skulane har kvalifisert fleire av sine tilsette slik at dei kan gjennomføra kurstilbod innan fleire ulike felt. Arbeidslivet etterspør dette. Å ha lett tilgang til sentrale kurs lokalt er viktig slik at dei tilsette er sertifisert og får oppdatering av kurs som er nødvendige for arbeidsplassen.

